

Av rein nysgjerrighet tok eg turen inn til Rosendal laurdags kveld for å høyre kva skulekorpsa ville presentere for oss i Aktivitetshuset søndag ettermiddag. Det var det fleire enn meg som gjorde, og vi fekk verkeleg musikk ut av kvar ei krone, og vel så det.



Frank og Anders i flott samspel med korpset som komp.

Då vi kom inn til Rosendal, vart vi møttmed eit flott pynta sammfunnshus, og ein stor flokk smilande flotte ungdommar, som var kledd i svarte kjoler og dresser.

Salen vart fyllt opp med nærare 200 tilhøyrarar, som også ville ha med seg denne begivenheten. Til og med ordføraren vår, Synnøve Solbakken, tok turen denne kvelden. Det var kjekt å sjå.

I Uskedalen har det gått eindel rykter om at skulekorpset vårt verkeleg har heva seg fleire hakk, både musikalsk og sosialt. Det er ein flott gjeng ungdommar, samt ein utruleg gjeng med aktive foreldre som står bak dette.

Saman med Rosendal Skulekorps, og andre aktørar, fekk vi dette bekrefta så til dei grader!

Dei tok oss med i ei musikalsk stund der dei spelte folkeleg musikk, både originalt skreve for brass band, til ein jazz-verden som det verkeleg svingte av. Korpsa viste at dei beherska fleire spelestilar, og ikkje minst at dei hadde overskudd og energi til å framføre det dei hadde øvd på. Musiseringa var det heller ikkje noko å sei på.

Det er ikkje lenge sidan ein burde vera nøgd om dei berre spelte rette tonar. No laga dei musikk som gav oss høgdepunkt, etter høgdepunkt. -Ei slik blanding gjer at vi som tilhøyrarar kan lene oss godt til rette og nyte musikken fullt ut. Dette er det dirigenten Anders Christensen som har klart å få til på utruleg kort tid. Synes vi skal høyre på kva Frank Brodahl sa: 'Eg spelte i eit korps som var veldig tradisjonelt. Men det var dei gongene vi fekk prøve noko nytt, som eg hugsar best. Ta vare på Anders!'; var oppfordringa frå Brodahl. Vi er mange som stiller oss bak den.

Frank Brodahl

Denne mannen må vera eit unikum! Ja, han kan spele; tonane trilla ut av instrumentet og han fekk alt til å høyre så enkelt ut, sjølv om det nokre halsbrekkande stunt han framførte både på trompet og flugelhorn. Det musikalske var ein fryd. Eitpar tilfeller der han verkeleg tok tak for å hjelpe korpset over eit vanskeleg parti, sit enda i ryggmargen. Men det var ikkje berre det musikalske som var fantastisk. Kanskje enda betre var den kontakten han hadde fått med musikantane. Det er ein stor og disiplinert gjeng som fyller stolene i Uskedalen Skulemusikk og Rosendal Skulekorps. Eg trur samtlige av denne gjengen har fått eit spesielt forhold til solisten. Han vart fulgt med argusauge av dei unge, og smila sat laust hos samtlige. Det var rett og slett rørande å sjå korleis Frank klarte å få fram det beste i musikantane med å avværpe nervøsiteten med eit lurt smil og ein liten kommentar. Men han sa det jo sjølv også: Eg har ingenting her å gjera dersom eg ikkje kan kommunisera med ungane. Og kommunisera viste du til fulle at du kunne.

Det var fleire foreldre som måtte tørke ein tåre under konserten; og ein treng ikkje vera forelder for å verta rørt. Det trur eg vi alle vart.

Alt i alt: Dette var ein utruleg opplevelse både for auge og øyre, som samtlige burde få med seg. Det er mange i bygda som har eit spesielt forhold til skulemusikken. Med denne konserten gjer dei mykje tilbake. Så utruleg

mykje, at eg håpar vi fyller storstova idag.
Håpar å sjå deg på konserten.
-Magnhild Haugland



Det er fleire dyktige musikantar i skulekorpsa. Sebastian Torjusen viste at ein sousaphone ikkje berre er eit blåsinstrument. Det kan også fungere som eit rytmeinstrument. Rett og slett utruleg.